



DEN NORSKE KYRKJA

Fjærland Sokneråd

Fjærland, 5.september 2020

Referat frå møte i Fjærland sokneråd

Møtedato: 02.09.20

Møtetid: 1700-1900

Møtestad: heime hos Siv Jane Rauboti

Tilstades:

Sverre Tufte Mundal, Hilde Supphellen, Kari Bøyum Skeide, Nils Distad, Klara Heimlid Bøyum, Siv Jane Rauboti og Mikael Bruun.

Mikael orienterte om stoda, og bakgrunnen for saka. Saka er i utgangspunktet kyrkjepolitisk, og handlar om samvitsfridom og embetsteologi.

Godkjenning av innkalling og referat frå sist møte

Vedtakssaker:

Sak 18 / 20 Halvårsplanen

Vedtak:

Førebels plan. Dei fleste gudstenester er på plass, men ikkje detaljar. Planen må reviderast på neste møte. Vi satsar på å starte opp at med andakt onsdag 23.september 2020 kl 15:30, på stova på Busenteret. Mikael held andakta, Berit koordinerar resten. Julekonsert 13.desember 2020. Hilde vår representant i nemnda.

Sak 19 / 20 Årshjulet

Vedtak:

Vi vil prøve å få til Haustfesten for 70+ også i år, men usikkert med plassering. Etter planen er det Kvinne- og famielaget som står for dekking og servering, Hilde sjekkar opp i dette. Nils sjekkar kor mange det er plass til i Bedehuset jf korona-reglane. Nils har sjekka, og det er plass til ca. 36 stk.

Sak 20 / 20 Sommaren 2020

Oppsummering:

Sommarstengt kyrkje.

Bra besøk på gudstenestene, friluftsgudstenesta vart i kyrkja grunna vårlege vêrmeldingar.

To framsyningar der soknerådet har delteke med brannvakter, godt besøk.

Sak 21 / 20 Tilbakemelding om brev til bygdafolk i alderen 75-100 år

Orientering:

Alle medlemar i aldersgruppa i Fjærland fekk brevet, ingen tok kontakt for besøk eller turvenn. Fleire gode tilbakemeldingar for tiltaket.

Orienteringssaker:

Sak 22 / 20 Oppsummering/kort orientering om møter i Fellesrådet, Trusopplæringsutvalet og Diakoniutvalet

Fellesrådet:

- Trusopplæraren er innvilga permisjonisdagar med løn samt dekking av studieavgift og pensumlitteratur, slik at ho kan ta utdanning som trusopplærar. Studiet er nattbasert.

Diakoniutvalet:

- Gode tilbakemeldingar i høve brevet til aldersgruppa 75+. Berre nokre få har teke kontakt for samtale/turven.

Sak 23 / 20 Revisjon av gudstenesteordninga

Orientering:

- Nye alterbøker kjem i november/desember.
- Ny gudstenesteordning har fått utsett frist til pinse.

Neste møte onsdag 23.september 2020 kl. 17 hos Siv Jane.

For Fjærland Sokneråd

Siv Jane Rauboti
referent

Fjærland Sokneråd

Vedtakssaker:

Sak 18 / 20 Halvårsplanen

Gudstenester, soknerådsmøter, andaktar og anna som det er greitt å ha på planen. På grunn av korona-tiltaka som fortsatt skal gjennomførast (m.a. antibac og registrering) bør vi ha 2 medhjelparar ved kvar gudsteneste. Sjekk kalendaren din om når du kan stille som medhjelpar i kyrkja. Eg sender ut oversikt over gudstenestene så snart eg har fått oversikta frå Mikael. Fordele oppgåver som medliturg, kyrkjevert, kyrkjekaffi, anna. Godkjenne forslag til offer.

Framlegg til vedtak:

Sak 19 / 20 Årshjulet

Kva skjer dette halvåret? Konfirmasjon, haustfesten for 70+ m.m.

Framlegg til vedtak:

Sak 20 / 20 Sommaren 2020

Siv Jane orienterar om stoda og endringar som har skjedd i løpet av sommaren.

Framlegg til vedtak:

Sak 21 / 20 Tilbakemelding om brev til bygdafolk i alderen 75-100 år

Korleis står saka no? Siv Jane orienterar.

Framlegg til vedtak:

Neste møte